

Prop. 108 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen

*Tilråding fra Kulturdepartementet 22. mars 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

Kulturdepartementet legg med dette fram proposisjon om å reisa eit nybygg på Vestbanen for Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design. Proposisjonen presenterer resultatet av ein prosess som starta i 2004-2005. Prosjektet har vore utvikla og evaluert gjennom utgreiingsregimet for store statlege investeringar, dvs. KS 1 og KS 2. Forslaget er å reisa eit museumsbygg med eit bruttoareal på 54 600 rutemeter innanfor ei kostnadsramme på 5 327 mill. kroner og med ei styringsramme på 4 690 mill. kroner, i prisnivå juli 2013¹.

Parallelt med utvikling av forprosjektet har Statsbygg utarbeidd forslag til ny reguleringsplan for Vestbanetomta. Reguleringsplanen for sjølve museumstomta vart vedteken av Oslo bystyre 30. januar 2013.

Nybygget til Nasjonalmuseet er eit krevjande prosjekt med høge funksjons- og kvalitettskrav på ei rekkje felt. Bruk av solide materialar som naturstein utvendig og tregolv i utstillingsareala gjev nybygget eit markant preg. Den lysande «Alabastshallen» gjev bygningskomplekset eit særprega

uttrykk. Det er sett strenge og omfattande krav til tryggingstiltak i bygningen. Fleire hendingar både heime og i utlandet dei seinaste åra har understreka kor overlag viktig det er å ta tryggingstiltak i museum på stort alvor. Strenge klimakrav medfører behov for VVS-løysingar som er meir kostnadskrevjande enn i vanlege kontorbygningar. Det er lagt stor vekt på ein energi- og klimapositiv profil for bygget.

Nybygget på Vestbanen inneber at Nasjonalmuseet får bygningsmessige rammevilkår som styrkjer institusjonen som forvaltar og formidlar av viktige nasjonale samlingar av visuell kunst. Innanfor eit samla bygningskompleks skal museet kunna formidla ulike sider ved den visuelle kunsten både i eit historisk perspektiv og i eit meir reindyrka samtidsperspektiv. For første gong vil museet vera i stand til å visa publikum dei lange historiske linene i det visuelle kunstfeltet, og det på ein måte som kan kombinera ulike delar av dei rike samlingane.

2 Innleiing

2.1 Samfunnsmål for eit nybygg for Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design vart etablert i 2003 og er ei samanslutning av dei tidligare institusjonane Nasjonalgalleriet, Kunst-

¹ Alle tal i forprosjektet var rekna i prisnivå februar 2012. Det same er KS 2-rapporten. Statsbygg har justert tala til prisnivå juli 2013, korrigerte for dei kostnadene som har gått med til forprosjektet. Dei justerte tala er brukte i denne proposisjonen. Tala i forprosjektet var: P 50 = 4 450 mill. kroner; P 85 = 5 300 mill. kroner; kuttliste = 250 mill. kroner; tilrådd kostnadsramme = 5 050 mill. kroner.

industrimuseet i Oslo, Museet for samtidskunst, Norsk Arkitekturmuseum og Riksutstillingar. Den sistnemnde institusjonen kom med i 2005.

Målet med nybygget på Vestbanen er å skapa eit vitalt, nasjonalt forskings- og formidlings-senter for dei visuelle kunstartane. Nasjonalmuseet skal vera ein nyskapande møteplass der eit breitt samansett publikum skal oppleva og få kunnskap om dei visuelle kunstartane. Nybygget på Vestbanen skal markera Nasjonalmuseet som ein utstillings- og formidlingsarena på internasjonalt nivå.

Nasjonalmuseets samfunnsfunksjonar kan konkretiserast med omgrepene *samfunnsminne* og *møtestad*. For Nasjonalmuseet er *samfunnsminne-funksjonen* knytt til å byggja samlingar, bevara og dokumentera visuell kunst i brei mening: bilet-kunst, kunsthandverk, arkitektur og design. Vidare omfattar *samfunnsminneoppgåvane* forsking på og om visuell kunst og – ikkje minst – forvalting, sikring og bevaring av dei samlingane som museet skaper over tid. Minnefunksjonen omfattar òg omfang av og kvalitet på bibliotek og dokumentasjonsarkiv. Samfunnsminneoppgåvane må gjennomførast på ein fagleg solid måte slik at Nasjonalmuseet kan presentera eit representativt bilet av visuell kunst, både i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv.

Møtestadfunksjonane omfattar Nasjonalmuseets samhandlingsaktivitetar med ei samansett gruppe av brukarar – frå den generelt interesserte gjesten som går på utstillingar, foredrag eller konserter, og til kunstnaren og forskaren som brukar bibliotek, samlingar og museets fagpersonale i sitt eige utviklingsarbeid. Møtestadfunksjonane omfattar museets kapasitet og evne til å formidla kunnskap om visuell kunst gjennom utstillingsprogram, andre aktivitetsprogram, pedagogisk verksemd og publikasjonar, både i analog og digital form. Eit nøkkelomgrep i museets møtestadfunksjon er å vera tilgjengeleg; det gjeld lokalisering i bybiletet og tilrettelegging av museumssamlingane, publikumstilbod og tenester.

Nybygget skal som ein samla heilskap stetta følgjande behov:

- Minnefunksjonen: fleksible og føremålstenlege lokale som kan setja museet i stand til å sikra og bevara samlingane. Konkret er det snakk om magasinlokale for samlingane i tillegg til funksjonelle konserverings- og verkstadfasilitetar. Samstundes skal det leggjast til rette for ei målretta FoU-verksemd om visuell kunst.

- **Møtestadfunksjonen:** funksjonelle og fleksible publikums- og utstillingslokale som gjer det mogeleg for museet å kunna stilla ut eit representativt utval av visuell kunst. Dei nye utstillings- og publikumsareala skal gjera det mogeleg for Nasjonalmuseet å visa større delar av museumssamlingane enn i dag.

Nybygget til Nasjonalmuseet skal gjera museet synleg i bybiletet og understreka at museet er ein viktig samfunnsinstitusjon. Det samla museumsanlegget skal ha eit arkitektonisk nivå som viser at Nasjonalmuseet er ein ambisiøs og kvalitetsmedviten institusjon. Nybygget skal utformast på ein måte som tek omsyn til og samspelar med dei freida stasjonsbygningane på Vestbanen, Oslo Rådhus og Rådhusplassen. Totalt sett skal nybygget vera eit museumsanlegg som vert lagt merke til, både nasjonalt og internasjonalt.

Innanfor eit samla bygningskompleks skal museet kunna formidla ulike sider ved den visuelle kunsten både i eit historisk perspektiv og i eit meir reindyrka samtidsperspektiv. For første gong vil museet vera i stand til å visa publikum dei lange historiske linene i det visuelle kunstfeltet, og det på ein måte som kan kombinera ulike delar av dei rike samlingane. Det vil i seg sjølv vera eit stort formidlingsframsteg.

I utgreiingsarbeidet som ligg til grunn for prosjektet, har det vore definert ei rekke effekt-mål som prosjektet skal svara på, m.a. følgjande punkt:

- Nasjonalmuseet skal få bygningsmessige rammevilkår som legg til rette for eit aktivitets- og utstillingsnivå som gjer det mogeleg å auka publikumstalet frå ca. 500 000 til 750 000 årleg.
- Nasjonalmuseet skal setjast i stand til å visa 10-15 pst. av dei faste samlingane, samstundes som museet kan tilby publikum både nasjonale og internasjonale temporære utstillingspro-gram. I dag er det berre nokre få prosent av dei faste samlingane som er tilgjengelege.
- Museet skal kunna ta i mot fleire skuleelevar med målretta pedagogiske program.
- Nybygget skal vera slik at museet kan bevara samlingane på ein museumsfagleg forsvarleg måte, der skadar/forfall på grunn av bygnings-messige tilhøve skal reduserast til null.
- Nybygget skal utformast slik at det skal fremja ei rasjonell, tids- og kostnadseffektiv drift av alle museumsfunksjonane.
- Nybygget skal styrkja Oslo sentrum som ein vital og publikumsvenleg tilhaldsstad.

2.2 Tidlegare stortingsbehandling av nybygg for Nasjonalmuseet

Heilt sidan ideen om Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design vart lansert i St.meld. nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleveling. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevervilkår på kulturområdet*, har Stortinget jamleg fått informasjon om prosjektet i dei årlege budsjettproposisjonane og i andre dokument til Stortinget, jf. trykt vedlegg 1. Dei vanskelege bygningstilhøva som museet stirr med, har fått spesiell omtale.

Frå første stund har det vore ein føresetnad at museet måtte få heilt andre bygningstilhøve enn dei som museet rår over i dei eksisterande bygningane. I utbyggingsprosjektet har hovudkonseptet frå første stund vore at museet skal samla aktivitetane sine på éin stad, m.a. for å få til meir rasjonelle driftstilhøve og mykje betre sikrings- og utstillingstilhøve. I samsvar med kvalitetssikringsordninga for store, statlege investeringsprosjekt (KS 1 og KS 2) sette Kulturdepartementet i gang utgreiingsarbeid i 2004/2005. I budsjettproposisjonane har det vorte informert om framdrifta i utgreiingsarbeidet.

Stortinget har sidan St.meld. nr. 22 (1999-2000) gjeve klår støtte til at Nasjonalmuseet skal få nye, tilfredsstillande lokale; somme gonger gjennom merknader frå ein samla komité, andre gonger i fleirtalsmerknader.

Dei første åra vart det planlagt å byggja ut i Tullinløkka-området med utgangspunkt i dei eksisterande bygningane Nasjonalgalleriet og Historisk museum. Desse bygningane skulle oppgraderast og supplerast med eit stort nybygg som delvis skulle liggja på og under Tullinløkka og i Kristian Augusts gate. Dei utfordringane som vart avdekte i dette prosjektet, er omtala i St.prp. nr. 67 (2008-2009).

Då ei samla bygningsløysing på Vestbanen kom opp våren 2008 som eit alternativ til Tullinløkka-prosjektet, vart det sett i gang ei utgreiing der løysingsforsлага vart samanlikna og analyserte i samsvar med KS 1-ordninga. Stortinget vart informert i St.prp. nr. 1 (2008-2009) om at der som kvalitetssikringa av utgreiingsmaterialet gav grunnlag for å gå vidare med eit utbyggingsprosjekt på Vestbanen, ville det verta utlyst ein arkitektkonkurranse om prosjektet så snart som mogeleg.

Som merknad til den framlagde informasjonen skrev stortingskomiteen i Budsjettinnst. S. nr. 2 (2008-2009):

«Komiteen vil understreke at Nasjonalmuseets kjerneansvar består i å være en nasjonal kunnskapsbank og en serviceinstitusjon for de visuelle kunstartene i hele landet med ansvar for landsdekkende formidlingsprogrammer.

Komiteens fremskriftspartiet, mener at det neste store nasjonale byggeprosjektet i hovedstaden, når operaen nå er ferdigstilt, skal være et nytt nasjonalmuseum. Freltalet viser til at Regjeringen arbeider med å forberede en arkitektkonkurranse. Samtidig er det viktig at Nasjonalmuseet sikres gode og forsvarlige forhold i årene før et nybygg er på plass.»

Utgreiingsarbeidet viste at ei samla løysing for Nasjonalmuseet på Vestbanen var det klårt beste konseptet, både museumsfagleg og økonomisk. Ekstern kvalitetssikrar støtta eintydig opp om den tilrådde løysinga i utgreiingsarbeidet.

Regjeringa valde å følgja tilrådinga som låg i utgreiingsmaterialet. Omsynet til samlingane, som er sjølve kjernen i Nasjonalmuseet, tilseier at dei får plass i eit nybygg, der det kan leggjast til rette for best mogelege utstillings- og sikringstilhøve. Utgreiingsarbeidet viste dessutan at alle former for delt løysing, der utstillingar og anna verksmed er delte på ulike bygningar, gjev monaleg høgare driftskostnader og større tryggingsrisiko, m.a. på grunn av høgare transportfrekvens av verdfulle gjenstandar mellom ulike bygningar.

Regjeringa vedtok å lysa ut ein internasjonal, open arkitektkonkurranse (plan- og designkonkurranse) våren 2009 med tanke på å realisera eit nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen. Statsbygg gjennomførte konkurransen. Det vart sendt inn 237 forslag. Resultatet var klart i november 2010, og det vart bestemt at prosjektet «forum artis» skal oppførast som nybygg for Nasjonalmuseet.

2.3 Om Nasjonalgalleriet

Statsbygg har sidan 2010 hatt i oppdrag å vurdera kva som kan vera aktuell aktivitet i Nasjonalgalleri-bygningen når Nasjonalmuseet flyttar ut. Etter at regjeringa våren 2012 konkluderte med at det ikkje er aktuelt å flytta vikingskipa og dei andre samlingane frå noverande lokale på Bygdøy, har Universitetet i Oslo vedteke at dei vil leggja bort planane om å flytta Kulturhistorisk museum til Bjørvika. Dei vil heller etablira ei vikingtidavdeling i tilknyting til Vikingskipshuset på Bygdøy og elles vidareutvikla Kulturhistorisk museum på Tullinløkka. Dersom det ligg til rette for det,

ønskjer Universitetet i Oslo at Nasjonalgalleriet skal vera del av den bygningsporteføljen som skal liggja til grunn for det vidare utviklingsarbeidet for Kulturhistorisk museum. Regjeringa har enno ikkje teke stilling til dei nye planane frå Universitetet i Oslo. Dersom det ikkje vert aktuelt å nytta bygningen til funksjonar med tilknyting til universitetet, vil andre statlege behov verta vurderte.

2.4 Andre prosjekt i Vestbaneområdet

Som del av plan- og designkonkuransen for Nasjonalmuseets nybygg fekk ein illustrert i kva monn det er mogeleg å planleggja eit ev. statleg kontorbygg i bakkant av den tomta som Nasjonalmuseet skal bruka, dvs. i området mot Munkedamsveien. Ein mogeleg interessent i så måte kunne vera Utanriksdepartementet. Etter at konkuransen var avslutta, bestemte regjeringa at planarbeidet for eit ev. nybygg for Utanriksdepartementet skulle konsentrera seg om ein annan del av Vestbanetomta, den såkalla trekanttomta (tomt A1 i gjeldande reguleringsplan for området). Statsbygg har sett i gang reguleringsarbeid for eit statleg kontorbygg på trekanttomta, men arbeidet er enno ikkje er avslutta. Lokalisering av Utanriksdepartementet er dessutan eit tema i det arbeidet som er sett i gang med konseptvalutgreiing (KVU) for Regjeringskvartalet.

3 Resultatet av gjennomført forprosjekt

3.1 Innleiing

Forprosjektet starta med oppdragsbrev av mars 2009 til Statsbygg om å gjennomføra plan- og designkonkuransen, naudsynt reguleringsarbeid og forprosjektering fram til kvalitetssikra forprosjekt (KS 2). Ferdig forprosjekt vart levert til ekstern kvalitetssikring i mai 2012. Prosjektet vart vidareutvikla i perioden fram til desember 2012, medan ein venta på behandlinga av reguleringsplanen i Oslo kommune.

3.2 Plan- og designkonkuransen

Statsbygg kunngjorde ein open, internasjonal konkurranse i mars 2009. Konkurranse var organiser i to fasar. Fase 1 vart avslutta i september 2009, då juryen valde ut seks av 237 forslag, og desse seks vart inviterte til fase 2. I denne fasen skulle forslaga utviklast i samsvar med merknadene frå juryen. Juryen avslutta arbeidet sitt i april 2010

med ein konklusjon der tre forslag vart rangerte. Statsbygg gjennomførte deretter ein avsluttande konkurranse med forhandlingar med dei tre rangerte vinnarane. Denne prosessen vart avslutta i november 2010, der forslaget «forum artis», teikna av Kleihues + Schuwerk Gesellschaft von Architekten mbH (Napoli, Berlin), vart valt. Dette var i samsvar med rangeringa til juryen.

3.3 Presentasjon av prosjektet

I grunngjevinga for å velja vinnarprosjekt la juryen vekt på at prosjektet har ei enkel formoppbygging som viser stor respekt for dei frede Vestbanebygningane. Med langstreckte og låge lamellar er bygningskomplekset eit balanserande korrektiv til det litt brokete uttrykket som eksisterande kontorbygningar i området viser. Juryen framheva dessutan at «forum artis» har den i særklasse beste museumsløysinga.

3.3.1 Hovudpunkt i bygningsutforminga

I god avstand frå dei frede Vestbanebygningane trappar museumsbygget seg opp mot Munkedamsveien. I dei fremre, lågmælte delane av bygget er publikums- og utstillingsfunksjonar. Bibliotekfunksjonen har ein separat utgang mot Dronning Mauds gate. Utstillingane er fordelt over to etasjar og vert bokstavleg tala «krona» av den såkalla Alabast-hallen, der museet vil disponera om lag 2 400 rutemeter til skiftande utstillingar. Denne hallen formar på mange måtar det sentrale blikkfangen i ein langstrekta bygningsstruktur. Hallen vil vera synleg, anten som ein lys bygningskropp på dagtid eller som ein opplyst, langstrekta skulptur på kveldstid. Det er lagt opp til at museet kan la publikum koma ut på taket av den delen av bygningen som vender mot fjorden. Som del av takkonstruksjonen er det fleire utstillingsnisjar for skulpturar.

Bak utstillingsareala i første og andre etasje finn ein verkstader og magasinareal for dei omfattande samlingane av visuell kunst. I den bakre bygningslamellen er kontor og ein del verkstader lokaliserte. Dette gjev ei funksjonell tredeling av museumsverksemda; fremst mot dei frede bygningane og Aker brygge ligg publikums- og utstillingsareal; innanfor ligg verkstader og magasin, og bak på tomta, mot Munkedamsveien, ligg kontor og andre driftsfunksjonar i museet.

Mellom museumsbygget og rampe til Operatunnelen skal det byggjast gang- og sykkelveg som gjer det mogeleg å kryssa Vestbanetomta på ein heilt ny måte.



Figur 3.1 Nybygget for Nasjonalmuseet på Vestbanen.

Illustrasjon: Kleihues +Schuwerk Gesellschaft von Architekten mbH, MIR Kommunikasjon AS og Statsbygg.

3.3.2 Dimensjonering

Nybygget har ei brutto arealramme på 54 600 rutemeter. Bruttoarealet skal behandles på same måten som i Opera-prosjektet, dvs. det kommersielle arealet skal vera fullt ut sjølvfinansierande i den meining at arealet ikkje inngår i den husleiga som skal dekkjast over museumsdrifta, jf. punkt 3.9 nedanfor. I utviklinga av forprosjektet har utstillingsarealet vorte auka; det har òg publikumsarealet og areal til administrasjon. På den andre sida har magasinarealet vorte litt redusert. Det same har arealet til mottak og utlevering. Ei medverkande årsak til at netto funksjonsareal har kunna aukast, er at ein teknisk mellometasje gjer det enklare å få på plass føringssvegar for omfattande tekniske anlegg utan negativ effekt på netto funksjonsareal.

Funksjonar	Netto funksjonsareal i forprosjekt, desember 2012 (rutemeter)
Publikumsfunksjonar	3 338
Udstillingar	13 368
Formidling, bibliotek, bok på papir m.m.	3 522
Atelier, verkstader	3 493
Magasin	8 200
Mottak, utlevering	2 860
Administrasjon	3 311
Sum	38 092

Brutto arealramme på 54 600 rutemeter omfattar også kommercielle areal til restaurantdrift på ca. 840 rutemeter. Dette arealet skal behandles på same måten som i Opera-prosjektet, dvs. det kommercielle arealet skal vera fullt ut sjølvfinansierende i den meining at arealet ikkje inngår i den husleiga som skal dekkjast over museumsdrifta, jf. punkt 3.9 nedanfor. I utviklinga av forprosjektet har utstillingsarealet vorte auka; det har òg publikumsarealet og areal til administrasjon. På den andre sida har magasinarealet vorte litt redusert. Det same har arealet til mottak og utlevering. Ei medverkande årsak til at netto funksjonsareal har kunna aukast, er at ein teknisk mellometasje gjer det enklare å få på plass føringssvegar for omfattande tekniske anlegg utan negativ effekt på netto funksjonsareal.

3.4 Kvalitet

Det er ein føresetnad at Nasjonalmuseets nybygg skal ha ei levetid på mange generasjoner. I forprosjektet har ein difor vurdert materialeigenskapar i samsvar med dette.

I konkurranseprogrammet vart det framheva fleire kvalitative sider ved eit godt kunstmuseum.

Materiala i representative areal skal ha høg standard. I publikumsareala skal materialval representera ein god standard både når det gjeld visuelt uttrykk og toleevne. Materiala i utstillingsareala skal vera solide og skal fremja ein variert og fleksibel utstillingsaktivitet. Materialval i andre delar av nybygget skal ha ein nøktern standard med stor vekt på enkelt vedlikehald.

3.5 Tilgjenge

Eit hovudproblem i noverande lokale er at dei er vanskeleg tilgjengelege for grupper som er rørslehemma, eller som treng ulike former for tilrettelegging for å kunne ha nytte og glede av utstillings- og formidlingstiltak i Nasjonalmuseet. Noverande lokale vart oppførde i ei tid der krav til universell utforming og tilgjenge ikkje var like viktige som i dag. Nybygget legg stor vekt på universell utforming, både i publikumsareal innandørs og utandørs og i lokale som hyser ulike arbeidsfunksjonar i museet. I prosjekteringen er det lagt stor vekt på at alle publikumsgrupper skal ha likeverdig tilgjenge til bygningskomplekset.

3.6 Tryggingstiltak

Nybygget får eit høgt tryggingsnivå. Fleire hendingar både her til lands og i utlandet dei seinaste åra har understreka kor avgjerande viktig det er å ta tryggingstiltak i museum på stort alvor. Fysisk skalsikring er den primære sikringa av Nasjonalmuseet. Denne sikringa vil avgjera kor lang tid det tek å trengja gjennom bygningsskalet og skal avgrensa skadeverknadene av uønskte hendingar. Dei konkrete tiltaka i prosjektet ligg på eit svært høgt nivå, utan at ein skal gå i detalj om kva som er planlagt. Omfattande fysiske skalsikringstiltak i sjølve bygningskroppen er supplerte med elektronisk skalsikring. Dessutan vil museet ha på plass organisatoriske tiltak for å ha eit godt sikringsnivå. Vidare vert det lagt til rette for objektsikring i dei tilfella der det er påkravd. Bygget vil ha eigne, interne transportruter for handtering av kunstsamlingane. I utstillingsareala vil sikringstiltaka vera utforma slik at dei så langt råd er, ikkje skal redusera opplevelinga av kunstverka.

3.7 Klimatiltak i nybygget

Nasjonalmuseet er prosjektert med spesialklimatiserte rom for utstillinger og magasin. I desse romma er det krav om ulike temperaturintervall

og ein relativ luftfukt (RF) på mellom 40 og 60 pst. heile året, tufta på ein internasjonal de facto standard for museum. Konkret inneber krava at det må tilførast vatn i klimaanlegga store delar av året for å sikra at klimaet i utstillingar og magasin held minimumskravet til relativ luftfukt. Dette vatnet skaper eit høgt damptrykk som i sterk monn vil påverka alle skiljekonstruksjonane mot uteklima og mot rom som har lægre luftfukt. Damptrykket kan føra til store bygningsskadar dersom ikkje bygningskroppen vert prosjektert og bygd på rett måte. Nasjonalmuseet er prosjektert slik at bygningen kan tolka desse store fuktpåkjeningane.

3.8 Miljøprofil

Følgjande fire miljømål er definerte for prosjektet:

- Lågast mogeleg klimagassutslepp i eit livsløpsperspektiv.
- Energi: Bygget skal minimum tilfredsstilla pasivhus-nivå. Det inneber energimerke klasse A minus 5 pst. = 100 kWh pr. rutemeter pr. år i levert energi.
- Materialane skal:
 - vera solide med lang levetid og eldast på ein verdig måte
 - gje enkel dagleg drift og vera enkle å halda ved like
 - gje låg ressursbelastning og lågt CO₂-utslepp og dermed redusera påkjenninga på det ytre miljøet
 - medverka til eit godt inneklima
 - ikkje gje frå seg gassar som bryt ned museumssamlingane.
- Konsept og bygningstekniske løysingar: Det skal veljast robuste løysingar som hindrar fukt-skadar og vasslekkasjar.

I det ferdige forprosjektet er dei fire miljømåla innarbeidde. Nybygget på Vestbanen er med i prosjektet FutureBuilt, som er eit tiårs program som skal utvikla klimanøytrale byområde og arkitektur med høg kvalitet. Bak programmet står Oslo kommune, Drammen kommune, Bærum kommune, Husbanken, Miljøverndepartementet, Enova, Transnova, Direktoratet for byggkvalitet, Grønn Byggallianse og Norske arkitekters landsforbund. Målet med programmet er å realisera ei rekke prosjekt som førebilete. Det gjeld både byområde og enkeltbygg som skal ha lågast mogeleg klimagassutslepp, og som samstundes medverkar til å skapa eit godt bymiljø.

3.9 Kommersielle lokale

Som nemnt i punkt 3.3.2, inneholder nybygget ca. 840 rutemeter brutto kommersielle areal til restaurant- og butikkdrift. Statsbygg har rekna kostnadene for desse areala til ca. 44 mill. kroner. Nasjonalmuseet og Statsbygg skal inngå ei separat husleigeavtale for dei kommersielle areala. Departementet legg til grunn at museet betaler kostnadsdekkjande husleige til Statsbygg. Vidare er det ein føresetnad at museet anten driv sjølv eller leigar ut restaurantfunksjonen. I den ordinære årlege budsjettsøknaden til departementet skal kostnader til drift av dei kommersielle areala ikkje takast med.

3.10 Kunstarleg utsmykking

Ved kongeleg resolusjon av 5. september 1997 er det vedteke ei ordning for kunst til statlege bygg. Ordninga omfattar reglar for å fastsetja ramma for kunstbudsjett for dei prosjekta som fell inn under ordninga, og føresetnader for produksjon og forvaltning av kunsten.

Formelt sett fell nybygget for Nasjonalmuseet inn under denne ordninga. Det kan likevel seiast at eit bygg som vert reist for å fyllast med visuelle kunstuttrykk av alle slag, kjem i ei særstilling i denne samanhengen. I tillegg er det tale om ein bygning med ein arkitektonisk kvalitet som har kunstarleg verkshøgd i seg sjølv. Følgjeleg kan det hevdast at både bygningen og innhaldet meir enn oppfyller intensjonen som ligg i regelverket om at statlege bygg skal tilførast kunstarleg utsmykking. Spørsmålet må difor vurderast nærmare, og departementet vil koma attende til Stortinget med ei endeleg vurdering.

3.11 Reguleringsplanen

Parallelt med utviklinga av forprosjektet har Statsbygg også arbeidd med ny reguleringsplan for Vestbanetomta. Resultatet av plan- og designkonkurransen har lege til grunn for Statsbyggs forslag til reguleringsplan. Statsbygg la ut forslaget til offentlig gjennomsyn hausten 2011. På bakgrunn av høyningsfråsegnene og alternative forslag frå Plan- og bygningsetaten (PBE) i Oslo kommune, utarbeidde Statsbygg eit endeleg forslag til reguleringsplan, som vart sendt Oslo kommune til politisk behandling i mars 2012.

Statens vegvesen hadde motsegn mot delar av planforslaget. Det galdt den bakre delen av Vestbanetomta, mot Munkedamsveien. I eit meklingsmøte hjå fylkesmannen tidleg i september 2012 vart

Oslo kommune, Statsbygg og Statens vegvesen samde om at dei delane av planforslaget som gjeld området bak nybygget mot Munkedamsveien, skal skiljast ut av reguleringsplanen. Statens vegvesen og Statsbygg skal i fellesskap finna ei føremålstenleg løysing for korleis dette området best skal kunna brukast. Dette skal gjerast i ein eigen reguleringsplanprosess. Det omforeinte forslaget til reguleringsplan for museumstomta vart lagt ut til avgrensa offentleg ettersyn med frist 16. november 2012. Reguleringsplanen for sjølve museumstomta vart stadfesta i Oslo bystyre 30. januar 2013.

3.12 Dei verna bygningane og Nasjonalmuseets nybygg


Det planlagde nybygget har eit arkitektonisk uttrykk som viser klar respekt for dei freda Vestbanebygningane, der Nobels fredssenter og Utanriksdepartementets senter for utviklingsarbeid held til. Mellom dei freda bygningane og nybygget vert det ein plass på ca. 2 000 rutemeter, og der vil museet kunna ha ulike former for aktivitar. Dei fremre delane av nybygget held same høgd som Vestbanebygningane for ikkje å verka for dominerande. Nybygget trappar seg så oppover mot Munkedamsveien. Utvendig er det valt materialar i nybygget som i stor monn er tilpassa materialar og fargar i dei freda bygningane. Totalt sett er det lagt stor vekt på at nybygget og dei freda bygningane skal spela saman.

3.13 Tomtekjøp

Etter at Oslo kommune i 2007 kjøpte den statlege delen av Vestbanetomta, vart stat og kommune i 2008 samde om at staten skulle kjøpa attende Vestbanetomta frå Oslo kommune i samband med at kommunen endra lokaliseringsplanane for Deichmanske bibliotek. Arealet var litt større enn det som kommunen hadde kjøpt i 2007, og kostnadene var 160 mill. kroner. Etter at reguleringsplanen vart vedteken januar 2013, arbeider Statsbygg og Oslo kommune med å overföra i underkant av 1 300 rutemeter areal til staten slik at heile området kjem på statens hand.

3.14 Grunntilhøve

Grunnen består av fyllmassar, hovudsakleg av stein, sand og grus, som går 1,5 – 2,5 meter ned under terreng. Resultat frå miljøtekniske grunnundersøkingar indikerer at ein vil finna både reine og lett til moderat forureina massar i byggjegropene. Undersøkingane har også avdekt to soner med



Figur 3.2 Utsnitt av reguleringsplan for Vestbanen.

Illustrasjon: Statsbygg.

sterkt oljeforureina massar. Statsbygg legg til grunn at ein del fyllmassar må fraktast til godkjent deponi for forureina massar.

Fast berg ligg frå ca. 2 til ca. 22 meter under eksisterande terrengnivå. Berget kan somme stader vera svært bratt. Ein reknar med at grunnvassstanden i området ligg på same nivå som sjøen, det vil seia omkring kote 0.

I berget under tomta går det 2 tunnelar, høvesvis vest- og austgåande løp for E 18 (Opera-tunnelen), i tillegg til ein avløpstunnel (VEAS-tunnel). Sjølv om nybygget i avgrensa monn går under bakkenivå på tomta, vil underetasjar, i hovudsak for tekniske installasjoner, medføra byggjetiltak innanfor omsynssonene for både E-18-tunnelane og VEAS-tunnelen.

3.15 Nasjonalmuseets vurdering av forprosjektet

Nasjonalmuseet har frå første stund i planleggingsarbeidet vore sterkt involvert i dei ulike pro-

sessane som har ført fram til ferdig forprosjekt. Dette har vore avgjerande viktig for å få ei løysing som kan oppfylla intensjonane om at museet skal vera ein markant institusjon for visuell kunst i Noreg. Styret i Nasjonalmuseet behandla konklusjonane i forprosjektet i møte 30. januar 2013, og i sin konklusjon seier styret m.a. følgjande:

«Norge trenger et nasjonalmuseum som har de nødvendige bygningsfasiliteter til å forvalte og formidle visuell kunst på en måte som er på høyde med emnets kulturelle og samfunnsmessige betydning. En stor internasjonal arkitektkonkurranse er gjennomført, og siden har vinnerutkastet vært igjennom en grundig prosess med bearbeidelse og kvalitetssikring. Dermed er nå grunnlaget lagt for løsningen av en oppgave som har ligget uløst i mange tiår.

Nasjonalmuseets nybygg på Vestbanen vil gi et løft for hele det visuelle kunstfeltet i Norge. Kunst, kunsthåndverk, design og arkitektur vil få en helt ny synlighet og bli bedre til-

gjengelig for bredere lag av befolkningen. Nybygget vil bli et kultivert arkitekturverk på et høyt internasjonalt nivå og gi Norge muligheter til å få en langt tydeligere posisjon innen visuell kunst.

I motsetning til mange museer som bygges på sentrale og verdifulle tomter, vil Nasjonalmuseet på Vestbanen bli et komplett museumsanlegg med magasiner og konserveringsverksteder like ved utstillingsarealene. Dette reduserer farene for skader på kunsten, gir korte transportveier og en god driftssituasjon.

For publikum er den største fordelen at de vil få se en langt større del av museets samlinger. Det blir en ny dimensjon at publikum på ett sted vil få overblikk over hele det visuelle kunstfeltet. Dessuten vil de skiftende utstillingene bli mer ambisiøse og omfattende enn det har vært mulig tidligere.

Det vil bli nesten en fordobling av utstillingsarealet. I dag har Nasjonalgalleriet, Kunstindustrimuseet og Museet for samtidskunst til sammen i underkant av syv tusen kvadratmeter utstillingsflate. På Vestbanen vil det bli mer enn tretten tusen kvadratmeter. Dessuten blir det gode fasiliteter for ulike former for formidlingsvirksomhet.

Med Nasjonalmuseet på plass vil Rådhusplassen endelig få en klar avgrensning mot vest. Det store museet blir et overgangsledd mellom det nye sentrumsområdet ute ved fjorden og den eldre bykjernen.

Nasjonalmuseets bygning på Vestbanen konkurrerer ikke med Rådhuset og viser respekt for de gamle stasjonsbygningene. Det store huset har en kultivert selvfølgelighet og utstråler en ro og verdighet som står til institusjonens samfunnsrolle.

Nasjonalmuseets styre stiller seg bak det fremlagte forprosjektet og anbefaler på det sterkeste at det legges til grunn for realiseringen av museets byggeplaner på Vestbanen.»

4 Kostnader

4.1 Utvikling av kostnadsbiletet

Då Regjeringa vinteren 2009 bestemte seg for konseptet med eit nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen, vart det i utgreiingsmaterialet laga kostnadsestimat på overordna nivå for dei ulike alternativa. Hovudpoenget med kostnadsestimata var å kunna samanlikna dei ulike alternativa. Til grunn for overslagene i alle alternativa låg det ein

nøytral bygningskropp med nøktern form og ikkje noko spesielt arkitektonisk grep. Rekna i 2008-kroner var overslaget ca. 3 500 mill. kroner for Vestbaneprosjektet, som var det gunstigaste prosjektet, både økonomisk og museumsfagleg.

Ekstern kvalitetssikrar konkluderer med at forprosjektet er i tråd med areal- og funksjonsbehov som i si tid låg til grunn for å velja nybygg på Vestbanen som konsept. Vidare seier ekstern kvalitetssikrar at plan- og designkonkuransen har gjeve løysingar som på enkelte område er meir kostnadskrevjande enn ein la til grunn i 2008-2009.

Først etter at arkitektkonkuransen var avslutta i november 2010, var det eit sikrare grunnlag for å vurdera prosjektkostnader. Då vart styringsramma (P 50) vurdert å vera 3 550 mill. kroner. Så tidleg i prosjektet vart uvisseavsetninga vurdert til å vera 1 000 mill. kroner, slik at P 85 var sett til 4 555 mill. kroner.

Frå 2010 til 2012 har prosjektet fått ei vesentleg endring. Alt bygningsrelatert tryggingsutstyr, innreiing i magasin og hovuddelen av lysutstyret i utstillingsareala er overførde frå brukarutstyr til hovudprosjektet. Dette har vore naudsynt for å leggja til rette for ei optimal prosjektering av alle tryggingsaspekt ved nybygget. Totalt er bygningsrelatert brukarutstyr kostnadsrekna til ca. 335 mill. kroner (P 50).

Konsekvensen av å ta med bygningsrelatert brukarutstyr i hovudprosjektet er at kostnadsbehovet for brukarutstyr er redusert. Resten av brukarutstyr skal på vanleg måte finansierast seinare med ei særskild løying. Nybygget på Vestbanen er spesielt på mange måtar, og det er vanskeleg å finna relevante referanse- og erfaringstal som grunnlag for førebels estimat av kva resten av brukarutstyret kan koma til å kosta. Prosjekteringsarbeidet med resten av brukarutstyret skal difor setjast i gang så snart kostnadsramma for sjølvé byggjeprosjektet er på plass. Føresetnaden frå departementets side er at det skal leggjast stor vekt på gjenbruk av brukarutstyr og nøktern standard. Vidare legg departementet opp til at forprosjekteringen skal gjennomførast av ei eiga arbeidsgruppe, leidd av departementet. Regjeringa vil koma attende med kostnader for det resterande brukarutstyret.

Som rekkjefølgjekrav² i reguleringsplanen har det kome til ekstra utgifter i tilknyting til overbygging av del av køyrerampe over E-18 og gang- og sykkelsti som skal gå frå Dokkveien til Dronning Mauds gate, bak museumsbygningen. I alt er det

² Konkret inneber rekkjefølgjekravet at tiltaka over køyrerampe til E-18 må vera ferdig før kommunen gjev løyve til å ta i bruk nybygget.

tale om ca. 64 mill. kroner som gjeld kostnader og tiltak som kan seiast å vera ei form for «by-reparasjon».

Nybygget til Nasjonalmuseet er eit krevjande prosjekt med høge funksjons- og kvalitetsskrav på ei rekkje felt. Bruk av solide materialar som naturstein utvendig og tregolv i utstillingsareala gjev nybygget eit markant preg. Den lysande «alabast-hallen» gjev bygningskomplekset eit særprega uttrykk. Det er sett strenge og omfattande krav til tryggingstiltak i bygningen. Fleire hendingar både heime og i utlandet dei seinaste åra har understreka kor overlag viktig det er å ta tryggingstiltak i museum på stort alvor. Strenge klimakrav medfører behov for VVS-løysingar som er meir kostnadskrevjande enn i vanlege kontorbygningar. Det er lagt stor vekt på ein energi- og klimapositiv profil for bygget.

4.2 Forslag til styrings- og kostnadsramme

Tufta på Statsbyggs forprosjekt tilår ekstern kvalitetssikrar at prosjektet bør ha ei styringsramme (P 50) på 4 690 mill. kroner i prisnivå juli 2013. Då er meirverdiavgift ikkje rekna inn. Nasjonalmuseet er registrert i Meirverdiavgiftsregisteret og skal驱a avgiftspliktig verksemd i dei nye lokala. Heile bygget skal nyttast til avgiftspliktig verksemd. Statsbygg får dermed frådrag for inngående meirverdiavgift både for oppføringskostnader og driftskostnader for det arealet som skal leigast ut.

Ekstern kvalitetssikrar tilår at uvisseavsetninga bør vera 900 mill. kroner. Ein viktig del av uvisseanalysen er knytt til uvisse om marknadsutviklinga i byggjebransjen dei nærmaste fem-seks åra. Vidare er det lagt vekt på at prosjektet er krevjande og at tomta gjev ei rekkje utfordringar for sjølve byggjeprosessen. På den bakgrunnen er forslaget om P 85 på 5 590 mill. kroner. På vanleg måte er det utarbeidd ei prioritert kuttliste på 263 mill. kroner. Det medfører at tilrådd kostnadsramme – P 85 med fråtrekk for kuttlista – er 5 327 mill. kroner rekna i prisnivå juli 2013.

Statsbygg har ingen merknader til dei tala ekstern kvalitetssikrar føreslår for prosjektet.

På denne bakgrunn føreslår regjeringa at styrings- og kostnadsramma for nybygget på Vestbanen vert følgjande, rekna i juli 2013-kroner:

Styringsramme (P 50)	4 690 mill. kroner
Uvisseavsetning	900 mill. kroner
P 85	5 590 mill. kroner
Kuttliste	263 mill. kroner
Kostnadsramme bygg	5 327 mill. kroner

5 Plan for vidare gjennomføring

5.1 Mål for gjennomføringa av Vestbaneprosjektet

Innanfor kostnadsramma på 5 327 mill. kroner skal prosjektet styrast etter eit målprioritering med følgjande rekkjefølge: 1) kostnad, 2) kvalitet og 3) tid. Konkret inneber det følgjande:

- Når ei avgjerd kan ha innverknad på om kostnadsramma kan haldast, skal omsynet til kostnadsramma ha høgast prioritet.
- Omsyn til kostnadsramma og prioriterte kvalitetsskrav vil generelt ha større vekt enn omsynet til framdrift.

Hovudperspektivet i styringa av prosjektet er at det skal gjennomførast innanfor styringsramma (P 50) på 4 690 mill. kroner og i samsvar med vedtekne planar for areal, funksjonar, kvalitet, framdrift og økonomi. Det er utarbeidd prioriterte kuttlister med ei ramme på 263 mill. kroner. Prosjektet skal effektuera desse kutta for å halda styringsramma, dersom det vert naudsynleg.

Uvisseavsetnaden på 900 mill. kroner (skilnaden mellom P 50 og P 85) skal berre kunna nyttast dersom det oppstår uføresedde situasjoner i prosjektet, eller det kjem marknadssvingingar som inneber at styringsramma må overskridast. Dette skal handterast i samsvar med statens «Instruks om håndtering av bygge- og leiesaker i statlig sivil sektor».

5.2 Organisering og styring av prosjektet

Departementet legg opp til tett dialog med Statsbygg gjennom heile prosjektperioden, og det vil vera eit klårt mål å ha god styring med kostnader og framdrift.

Med omsyn til styringsmodell for prosjekt av denne storleiken viser ekstern kvalitetssikrar til at reint prosjektfagleg vil ei sjølvstendig styringsgruppe med vide fullmakter vera å tilrå. Ekstern kvalitetssikrar seier samstundes at den vanlege statlege modellen, der fagdepartementet og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet etablerer eit prosjektråd, vil kunna gje tilfredsstillande styring av prosjektet. Kulturdepartementet har merkt seg desse synspunktene og vil i samarbeid med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet og Finansdepartementet konkretisera det endelige opplegget for organisering og styring av prosjektet.

5.3 Drifta i Nasjonalmuseets nybygg

Når Nasjonalmuseet flyttar inn i nybygget, vil alle delar av drifta få heilt andre rammeverksemd enn det som er tilfellet i dag. Reint praktisk vil alle funksjonane vera samlokaliserte, og alle arbeidsprosessane vil vera langt meir rasjonelle og effektive enn det som er mogeleg i dag. På den andre sida vil Nasjonalmuseet ha aktivitetar i ein større bygningsmasse enn i dag. Konkret aukar bruttoarealat frå ca. 38 000 rutemeter i noverande lokale, eksterne magasin inkludert, til ca. 57 000 rutemeter, og då er Bankplassen 3 for Arkitektur inkludert. Dette inneber at bygningsrelaterte driftskostnader vil auka noko, samanlikna med situasjonen i dag. Overgangen frå fire driftsstader til éin vil gje ein klår synergieffekt, ikkje minst ved at dei nye lokalane er mykje meir arealeffektive enn dagens lokale er. I tillegg vil arbeidsprosessane verta meir effektive ved at transport og flytting mellom ulike driftsstader vil falla bort.

Nasjonalmuseet har i samarbeid med departementet gjennomført ein førebels analyse av kva som kan vera ein realistisk budsjettprofil når museet flyttar inn i nybygget. Analysen tyder på at Nasjonalmuseet vil kunna få monaleg høgare eigeninntekter i nybygget enn i dag. Hovuddelen av driftsbudsjettet vil likevel måtta koma frå statleg driftstilskot. Litt avhengig av kor stort besøk museet vil få i nybygget og dermed kor store eigeninntekter museet kan skapa, vil tilskotsbehovet vera mellom 224 og 277 mill. kroner (2013-kroner) til museumsdrifta, og då er husleigekostnader ikkje medrekna. I 2013 får Nasjonalmuseet 272 mill. kroner i statleg driftstilskot, inkludert tilskot til husleigekostnader.

I dag betaler Nasjonalmuseet husleige for bygningane dei er i, høvesvis til Statsbygg, Entra Eiendom AS og Oslo kommune. I tillegg leiger museet eksterne magasin hjå private utleigarar. Departementet legg til grunn at nybygget vert forvalta av Statsbygg innanfor den statlege husleigordninga for å sikra eit verdibevarande vedlike-

hald. Husleiga skal ikkje effektuerast før Nasjonalmuseet har overteke nybygget og skal handsamast på vanleg måte i budsjettsamanheng.

5.4 Framdrift

Statsbygg har vurdert kompleksiteten i nybygget slik at det er naudsynt med ca. seks års produksjonsstid frå det tidspunktet Statsbygg får oppdragsbrev om å starta arbeidet. Det er gjort samanlikningar med framdrifta i andre bygg dei seinaste åra, og gjennomsnittleg kvadratmeterproduksjon per månad vil vera høgare enn t.d. i Opera-prosjektet og fleire andre museumsprosjekt i utlandet. Det er viktig at det vert gjennomført test og kalibrering av ferdig bygning, som vil ha eit omfattande teknisk utstyr.

Straks det ligg føre stortingsvedtak om løying til prosjektet, vil Statsbygg setja i gang å detaljprosjektera med tanke på å innhenta tilbod på dei første entreprisane. Då vil òg departementet koma attende til Stortinget med detaljert framdriftsplan.

6 Konklusjon

Kulturdepartementet tilrår Stortinget å vedta at det skal byggjast eit nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen innanfor ei kostnadsramme på inntil 5 327 mill. kroner i prisnivå juli 2013. Den vidare gjennomføringa av prosjektet skal tuftast på ei styringsramme for Statsbygg på inntil 4 690 mill. kroner. Regjeringa vil koma attende med forslag om startløying.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjera vedtak om nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen

I

Stortinget samtykkjer i at det vert reist eit nybygg for Nasjonalmuseet på Vestbanen innanfor ei kostnadsramme på 5 327 mill. kroner i prisnivå juli 2013.

Vedlegg 1

Oversyn over stortingsdokument, interpellasjonar og spørsmål med omtale av utbyggingsprosjektet for Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design

Meldingar, proposisjonar og dokument 8-forslag	Innstillinger
St.meld. nr. 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammeverk på kulturområdet	Innst. S. nr. 46 (2000-2001)
St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2002-2003):	Budsjett-innst. S. nr. 2 – 2002-2003
St.prp. nr. 1 (2003-2004)	Budsjett-innst. S. nr. 2 – 2003-2004
St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014	Innst. S. nr. 155 – 2003-2004
St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (2004-2005)	Budsjett-innst. S. nr. 2 – 2004-2005
St.prp. nr. 1 (2005-2006)	
St.prp. nr. 1 (2006-2007)	Budsjett-innst. S. nr. 6 (2006-2007)
St.prp. nr. 1 (2007-2008)	Budsjett-innst. S. nr. 2 – 2007-2008
St.prp. nr. 1 (2008-2009)	Budsjett-innst. S. nr. 2 – 2008-2009
St.meld. nr. 49 (2008-2009) Framtidas museum	
Dokument nr. 8:65 (2008-2009) Representantforslag om at Stortinget får behandle en sak om Nasjonalmuseets fremtidige innretning, lokalisering mv.	Innst. S. nr. 324 (2008-2009)
St.prp. nr. 67 (2008-2009) (med ei orientering om Nasjonalmuseets utbyggingsprosjekt)	Innst. S. nr. 355 – 2008-2009
Prop. 1 S (2009-2010)	Innst. 14 S – 2009-2010
Prop. 1 S (2010-2011)	Innst. 14 S (2010-2011)
Dokument 8:57 S (2010-2011) Representantforslag om fremtidens nasjonalmuseum og en demokratisk behandling av Nasjonalgalleriets skjebne.	Innst. 307 S (2010-2011)
Prop. 1 S (2011-2012)	Innst. 14 S (2011-2012)
Dokument 8:28 S (2011 – 2012) Representantforslag om fredning av Nasjonalgalleriets Munch-sal	Innst. 205 S (2011-2012)
Prop. 1 S (2012-2013)	Innst. 14 S (2012-2013)

- Spørsmål frå representanten Hans Olav Syversen om Nasjonalgalleriet, besvart av statsråd Huitfeldt i ordinær spørjetime 20. oktober 2010.
- Interpellasjonsdebatt 2. desember 2010 om Nasjonalgalleriet og Nasjonalmuseet med utgangspunkt i ein interpellasjon frå representanten Ib Thomsen.

- Spørsmål nr. 885 21. februar 2012 til skriftlig svar; fra stortingsrepresentant Christian Tybring-Gjedde om oppussing av Nasjonalgalleriet.
 - Spørsmål nr. 1143 28. mars 2012 til skriftleg svar; fra stortingsrepresentant Ib Thomsen om NRK Brennpunkts program om Nasjonalmuseet og Nasjonalgalleriet.
 - Munnleg spørsmål 11. april 2012 fra Ib Thomsen (FrP) til kulturministeren «Om hva som gjøres for å ta vare på kulturskattene, bygningene og gjenstandene, som vi har rundt omkring i hele landet.»
 - Spørsmål nr. 1329 3. mai 2012 til skriftleg svar; fra stortingsrepresentant Ib Thomsen om «rundt anbefalt luftfuktighet i striden rundt Nationalgalleriet».
-
-

